

Nominerte til Språkprisen 2015 – ei kortliste

ALFRED FIDJESTØL: *Trass alt. Det Norske Teatret 1913–2013* (2013) og *Frå Asker til Eden. Historia om Askerkretsen 1897–1924* (2014), Samlaget

Fidjestøl har ei eventyrleg evne til å skape mursteinar som sviv; ikkje fordi det er snakk om lettvektarar, snarare tvert om: Han skriv store, tjukke kulturhistoriske framstillingar der lesarane – trass alt – vert rivne med. Fidjestøl står fram som ein grundig, djuptloddande og engasjert formidlar, som levandegjer kulturhistoriske emne på ein overtydande måte, både for lek og lærd.

KRISTIN FRIDTUN: *Norsk etymologisk oppkok – Du veit ikkje kva du snakkar om* (2012), og *Kjønn og ukjønn – Ordhistoriske essay* (2015), Samlaget

Fridtun er ein framifrå formidlar av fagfinurlege innsikter gjennom ei fast spalte i vekeavisa *Dag og Tid*. Der får løyndomane til kvardagsorda våre gjennomgå i tur og orden. Fleire av desse tekstane vart samla mellom to permar i 2012 i utgjevinga *Norsk etymologisk oppkok*. «Du veit ikkje kva du snakkar om», er undertittelen, men det veit Fridtun: I år kom ei innsiktsfull tekstsamling med eit sterkt personleg preg, der kjønnsnormer og kjønnsidentitet er tema for ordhistoriske essay serverte i ei klår og tidvis fengjande språkdrakt.

ERNA OSLAND: *Venner med venger* (2012), *Nasevis* (2013), *Under ein stein* (2014) og *Når det regnar i Afrika* (2015), Samlaget

Osland er ei av få som skriv sakprosa for barn på nynorsk. I bøkene møter ho blikket til barnet og utforskar emne som barn er opptekne av. Ho skriv om venner med venger, om kva du finn når du lettar på ein stein, om små og store nasar, snablar og snutar, eller meir samfunnsaktuelt om vêr og klimaendringar. Osland skriv humoristisk, kunnskapsrikt, poetisk og personleg. Bøkene hennar er både underhaldande og lærerike og vekker nyfikna i så vel barn som vaksne.

MORTEN SØBERG: *Rapport frå Finansdepartementet* (2014) og *Sverdrups ekko. Parlamentariske undersøkingar* (2010), Samlaget

Søberg er nominert for bøkene sine om politikk, statsforvaltning og embetsverket. Alt er sett frå eit personleg perspektiv, men alltid sett inn i ein allmenn kontekst. Dei personlege kommentarane gjer bøkene lesarvenlege også for dei som ikkje er samfunnsøkonomar. Han evnar å skape interesse for økonomisk politikk og kva dette inneber for dagleglivet vårt. Livet i departementet er skildra med vidd og originalitet, med hans ord eit folkestyre som er på stell. Språket er presist og utan overflødige ord og vendingar i ein gjennomført levande nynorsk med rikt ordtilfang.

ØYVIND VÅGNES er nominert for boka *Den dokumentariske teikneserien* (2014), Universitetsforlaget, og for meldingane av ny musikk i *Dag og Tid*. Tilnærminga til teikneseriane er i utgangspunktet akademisk, men forfattaren bruker ikkje fagterminologi eller spesialistspråk unødig. Språket flyt lett og levande. Entusiasmen for teikneseriefeltet er smittande, samstundes som han gjennom gode, konkrete døme aukar forståinga for forteljegrepa og teknikkane til dokumentarskaparane. Musikkmeldingane til Vågnes er meir enn noko prega av kjærleik til musikk. Som vegvisar til nye utgjevingar er han godt orientert, open og raus.

EINAR ØKLAND: *Norske malebøker* (2012) og *Fotgjengar med fotnotar* (2013), Samlaget
Økland skriv bøker i nesten alle sjangrar. Han løfter fram kulturhistorie som andre bryr seg mindre om, og kvardagshendingar eller tilsynelatande marginale fenomen som vi har rundt

oss. Stilleiet er umiskjenneleg hans eige, men samstundes tilgjengeleg og inkluderande. Han har det skarpe forskarblikket for detaljar, men også poetens fint stemte språk. Med lun humor skriv han om små og store spørsmål vi balar med, og lesaren er sjeldan heilt trygg på kva som skjer på neste side. Forfattaren likar det rare så godt at han gjer det mindre rart. Utkantane vert sentrum i tekstane hans, både dei geografiske utkantane og utkantar i vår massemedietid.